

# VERKSEMDSPLAN

## Sirlihaugen Barnehage



2024 - 2028

## LITEN GUT FORTEL

Eg fekk det ordet eg var tverr  
og lei og vrang og sky og skjerr.

Eg ikkje anna høyre fekk,  
og sturen var eg kvar eg gjekk.

Visst er eg vrang og vond og sur,  
eg må vera slik dei trur.

Så hende det ein vakker dag  
at all ting fekk eit anna lag.

Igjennom veggen høyrde eg  
at nokon tala godt om meg

Eg ville ikkje lyde på,  
men stilde meg så lett på tå.

Og høyrde før eg smeit meg ut:  
"han er so grei og gild den gut"

Eg kvakk litt til, men var så glad  
då eg fekk høyra kva dei sa

Eg gøymde meg og sto og gret,  
men alt i kring vart so ljost og let.

Og midt i gråten tenkte eg,  
at når dei trur så godt om meg  
då skal eg jammen syna dei  
at eg kan vara god og grei.

Dei godord gjorde dagen bjart.  
Å du kor hjartevarm eg vart

Jan Magnus Bruheim

# INNHALDSLISTE


Innleiing	side 4
Samvirkelaget og barnehagen	side 6
Visjon og verdiar	side 8
Livsmeistring og helse	side 9
Psykososialt barnehagemiljø	side 11
Sosial kompetanse	side 13
Danning og omsorg	side 17
Leik	side 18
Læring	side 19
Medverknad	side 20
Bursdagsfeiring	side 21
Kosthald i barnehagen	side 21
IKT i barnehagen	side 22
Likestilling og likeverd	side 23
Språkleg mangfald som ressurs	side 24
Barn med særskilte behov	side 24
Ask	side 25
Barnehagen som kulturarena	side 25
Fagområda til barnehagen	side 26
Progresjonsplan	side 27
Kvardagssituasjonar	side 34
Foreldreråd og samarbeidsutval	side 38
Foreldresamarbeid	side 39
Personalsamarbeid / utvikling	side 40
Vurdering	side 41
Overgang barnehage-skule	side 42
Administrativ og pedagogisk oversikt	side 44

*Tid tilbragt sammen med barn er de minst bortkastede timene i ditt liv. Karsten Isachsen*

# INNLEIING

Du har no verksemdsplanen til Sirlihaugen barnehage i handa. Den inneheld overordna mål og satsingsområda våre dei neste 4 åra. Det vert også laga ein årsplan med meir spesifikke tema for kvart barnehageår. I tillegg vil kvar avdeling lage månadsplanar med meir detaljert innhald.

I planane vil vi gi informasjon til foreldre, politikarar og andre samarbeidspartar, og synleggjere kva vi vil legge vekt på i barnehagen.



Verksemdsplanen er forankra i Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen (ny utgåve 2017)

I tillegg har vi ein lokal rammeplan for Herøy kommune. Denne kjem ut ny hausten

2024 og inneheld mellom anna satsingsområde og mål som er felles for Herøybarnehagane.

Planane våre skal bygge på den lokale rammeplanen, og vere eit grunnlagsdokument for personalgruppa sitt arbeid. Den skal også vere utgangspunkt for samarbeidet med foreldra.

Barnehagelova sitt utgangspunkt er at foreldra har hovudansvaret for omsorg og oppseding av barna. [§ 1 i lova seier at “Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»](#)

Det betyr at barnehagen skal gi barna eit godt miljø med vekt på lek og samvær med andre barn og vaksne.

**Saman med heimane skal barnehagen gi barna eit miljø som sikrar dei omsorg og støtte, stimulering, læring, utfalding og etisk rettleiing. Dette inneber at barnehagepersonalet skal støtte og utfylle foreldra sine oppgåver, og ta seg av delar av omsorgs og oppsedingsoppgåvene den tida barna er i barnehagen.**

**Samarbeid mellom heim og barnehage er difor ein svært viktig faktor for at barnet dykkar skal trivast, og få eit best mogeleg tilbod i barnehagen. Vi håper at vi skal klare å legge til rette for dette, men det krev og litt innsats frå foreldra si side. Vi er avhengig av tilbakemelding, og ynskjer at foreldra skal kome med meiningar og synspunkt på det vi gjer.**



## **SAMVIRKELAGET OG BARNEHAGEN**

**Samvirkelaget Sirlihaugen barnehage SA eig og driv Sirlihaugen barnehage. Barnehagen opna sommaren 1992. Alle som tek i mot ein barnehageplass, og betalar ein andel på kr. 2000,- pr. barn vert medlem av laget. Andelen vert betalt attende når barnet sluttar.**

**Samvirkelaget sitt årsmøte vel eit styre på 4 representantar som har ansvaret for drifta og står som arbeidsgivar for dei tilsette. I tillegg vel personalet to representantar, ein frå kvar fagforeining. Styret fastset vedtektene for drift av barnehagen, og samarbeidsutvalet fastset årsplanen som er utarbeidd av personalet.**



**Barnehagen er bygd på ei fin naturtomt, og vi har leikeapparat både for store og små. Leikeplassen vart renovert i 2018. Vi har daglege kontrollar på uteleikeplassen for å sjekke at alt er slik det skal vere.**

**Barnehagen har romslege, godt utstyrte og ventilerte lokale for allsidig leik og aktivitet. Vi fekk nytt ventilasjonsanlegg i 2023. I tillegg til 3 avdelingar har vi felles kjøkken og ekstra leike- og grupperom.**

**Barnehagen har eiga avdeling for dei minste barna.**

**Det er avdeling Nasse Nøff**

**Vi ynskjer å prioritere dette fordi vi veit at det å vere i ei mindre gruppe skaper trygge og rolege forhold. På den måten er det ein fin start på barnehagelivet.**

**Ole Brum er avdelinga for dei mellom 2 og 4 år, medan**

**Tigergutt er for dei mellom 3 og 6 år. Alderssamansetninga vil variere ut i frå kva barn vi har. Alle avdelingane har både heile og delte plassar.**



# VISJON og VERDIAR

## **”Sirlihaugen barnehage, ein trygg, god start”**

Det vil seie at vi ynskjer å gi barna ein trygg og god ballast i livet. Vi håper at barnehagen er noko dei kan hugse tilbake på med glede, og at vi kan gi dei noko som dei kan ta med seg vidare i livet.

For å nå denne visjonen må vi vaksne:

- *Vere autoritative ( varme og grensesettande)*
- *Vere positive og støttande*
- *Vere omsorgsfulle og imøtekomande*
- *Vere samarbeidsvillige*
- *Sjå og høyre barna*
- *Rettleie både barna og kvarandre*
- *Gi barna gode opplevingar*
- *Gi barna kjensle av at dei er verdifulle*
- *Ha respekt for kvarandre*
- *Gi rom for prøving og feiling*
- *Tilgi og hjelpe kvarandre*
- *Gjere barnehagen til ein arena for glede og humor*
- *Skape gode relasjonar*

Barnehagelova og rammeplanen gir oss retningsliner for kva menneskesyn og verdiar vi skal formidle til barna. Vi skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv, og tradisjon. Det handlar om verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, slik som Den gylne regel: *“Alt det du vil at andre skal gjere mot deg skal du gjere mot dei”*. Den har ein sentral plass i dei fleste store kulturar og religionar og gir uttrykk for gjensidigheit og likeverd.



## LIVSMEISTRING / HELSE

Livsmeistring kan definerast som: ” Å utvikle ferdigheter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å håndtere medgang, motgang, personlige utfordringer, alvorlige hendelser, endringer og konflikter på en best mulig måte. Å skape en trygghet og tro på egne evner til å mestre også i fremtiden.” (Prebensen & Hegstad, LNU, 2017)

Livsmeistring i barnehagen handlar fyrst og fremst om å bidra til at barna utviklar eit positivt sjølvbilde gjennom å oppleve meistring. Vi skal støtte barna i å mestre motgang, handtere utfordringar og verte kjent med egne og andre sine følelsar. Ta til dømes leiken, det er ingen ting som fremmer så gode positive følelsar hos barna, og barn treng god tid til leik som ikkje er vaksenstyrt, samtidig som dei treng at vaksne er til stades og involverer seg når det er behov for det. Dersom barn skal lære seg å kjenne igjen og forstå heile følelses spekteret sitt treng dei også at dei negative følelsane vert akseptert. Både positive og negative følelsar er viktige for barnas si sjølvutvikling.

Eit godt liv i barnehagen handlar om å legge til rette for gode kvardagar her og no, noko som også vil ruste barna til livet som kjem. Det handlar om å imøtekome barnas behov for leik, tryggleik og meistring i kvardagen. Det er i dei positive erfaringane saman med nærverande vaksne og andre barn at trivsel, robustheit og motstandsdyktigheit vert bygd. Livsmestring handlar også om å skjerme barn mot forhold som ein veit tek i frå dei ressursar som t.d. omsorgssvikt, negative relasjonar og mobbing.

Ut i frå rammeplanen kan ein også forklare det på denne måten:  
*Livsmeistring = fysisk helse + psykisk helse + avdekke, handtere omsorgssvikt, mobbing og andre krenkelser.*

I jobben vår med å oppfylle visjonen vår arbeider vi nettopp for at borna skal oppleve livsmeistring i barnehagen.

Meistring handlar om at barna får til noko dei ynskjer, sjølv om dei ikkje lykkast med ein gong. Meistringsopplevelser gir barna tru på at eigen læring og meistring er mogleg. Erfaring med å takle at ein ikkje lukkast med ein gong utan å miste motet er viktig for psykisk helse og livsmeistring. Samtidig er støtte frå omsorgsfulle vaksne nødvendig for at små barn skal klare å handtere utfordringane.

Livsmeistring og psykisk helse er også eit av fokusområda i kommunen dei neste åra. Så dette vil vere tema på personalmøter m.m.



"Ingenting skapar så mykje motivasjon, glede, inspirasjon, sjølvtilitt, kjærleik og tilfredsheit som det å høyre at ein betyr noko, at ein er verdt noko og at ein kan noko, at ein er flink, snill og god." Optimistene

## PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

I januar 2021 kom der eit tillegg til barnehagelova som omhandler det psykososiale barnehagemiljøet. Det seier noko om at vi ikkje skal godta krenkelsar som t.d utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vi har ei plikt til å sikre at alle barna opplever eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø..

*«Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlinger, som utføres gjentatte ganger over tid av en person eller flere sammen, og som rettes mot en som ikke kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen».* (Pål Roland)

Det er barnehagen sitt ansvar å førebygge mobbing. Personalet skal ivareta barna, sikre at dei vert ein del av eit inkluderande og trygt fellesskap, og arbeide for at dagens barnehagebarn verken skal oppleve å verte krenka eller kome til å krenke andre i framtida.

Alle som jobbar i barnehagen har ei plikt til å gripe inn når barn vert utsett for slike krenkingar. Det betyr at alle som jobbar i barnehagen skal fylgje med på korleis barna i barnehagen har det, og varsle styrar viss dei har mistanke om at nokon ikkje har det bra. Det betyr også at viss foreldra kjem med bekymringar så har vi plikt til å sjekke ut uavhengig om vi er einig eller ikkje.

### Vi har plikt til å:

- 1.Fylgje med
- 2.Varsle styrar
- 3.Varsle eigar
- 4.Undersøkje
- 5.Setje inn eigna tiltak
- 6.Utarbeide skriftlig plan



For å forebygge, og forhindre at krenkelsar ikkje skal skje må vi:

- Fremje positive haldningar og arbeide for at negative samhandlingsmønster ikkje utviklar eller festar seg.
- Sjå det enkelte barnet, vere gode forbilde, rettleie og hjelpe.
- Arbeide for eit godt psykososialt miljø.
- Jobbe med sosial kompetanse. Empati og omtanke for andre er avgjerande faktorar for å verte likt og for å behandle andre bra. Barna må få ei kjensle av å vere ein del av fellesskapet og barnegruppa, føle at dei betyr noko og har ei rolle å fylle.
- Vise barna veg, gjennom å handle ut i frå respekt og tenkje over korleis vi omtaler andre menneske.
- Ivareta og møte kvart enkelt barn ved å vere observante, nysgjerrige og til stades.
- Ta vennskap mellom barn på alvor. Samtidig som vi skal hjelpe barn som slit med å få innpass i leik, eller finne si rolle i barnegruppa må vi la barn med nære vennskap få lov å dyrke vennskapet
- Gi barn erfaring med å handtere konflikhtar og gi dei meistringsstrategiar og rettleie dei undervegs.
- Vere merksame på det enkelte barnet sin trivsel og samværsmonster i barnegruppa.
- Vere aktivt deltakande vaksne



## SOSIAL KOMPETANSE

Dette er ein ting som vi aldri vert ferdig med, men noko som må jobbast med kontinuerleg.

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Det er ikkje medfødt, og vert ikkje utvikla av seg sjølv, det må lærast. I barnehagen er mange barn samla, og det gir barna høve til å lære sosiale ferdigheiter i samspel med andre barn. Vaksne og barn fyller ulike funksjonar i barnehagen. Barna representerer kameratskap og vennskap, dei vaksne representerer tryggleik og omsorg. Dei vaksne kan ikkje erstatte samspelet med andre barn, men det er dei vaksne sitt ansvar at alle barn får oppleve og vere med i eit sosialt samspel. Vi må lære barna og sjå ting frå den andre si side, og å vise medkjensle og omtanke for kvarandre. Alle menneske treng ein venn, og vi ynskjer at både barn og vaksne i Sirlihaugen skal vere rause menneske med store hjarte. Forsking viser at 80 % av den sosiale kompetansen til barna lærer dei frå andre barn. Det seier litt om kor viktig det er at vi skaper gode relasjonar i barnehagen slik at læringa vert optimal.


Til hjelp i dette arbeidet nyttar vi oss av eit program som heiter «Være sammen». Programmet ser på barnehagen som ein viktig arena for barn sin medverknad og modning.

Eit grunnleggande prinsipp i dette programmet er den autoritative voksenstilen. Målet er at den skal vere ein viktig del av barnehagen si pedagogiske plattform.



***" Å forholde seg til andre er kanskje det mest vesentlege barna lærer i barndommen"***

Teorien bak prinsippet har utgangspunkt i ein modell som Diana Baumrind har utforma. Kvar av dei to linjene i modellen representerer ein dimensjon ved oppsedinga av barn og den vaksne sitt forhold til barnet.



Den autoritative voksenstilen inneber at dei vaksne viser varme og omsorg overfor barnet, samtidig som dei er tydelege. Den varme og grensesetjande vaksne arbeider bevisst med å utvikle gode relasjonar til barnet og viser ei akseptierende haldning. Gjennom «Være sammen» vil barn som har utfordrande åtfærd kunne få ei positiv påverknad i samvær og møter med den autoritative vaksne. For at vi skal kunne verte autoritative vaksne i møte med barna må vi utvikle gode relasjonar. Eit anna omgrep som vert nytta er «Banking time». Det handlar om dei vaksne si kvalitetstid i lag med barna. Det er dei gylne augneblikk i løpet av dagen der ein etablerer ei heilt spesiell god og varm atmosfære mellom barnet og den vaksne. Denne investeringa vil gjere at vi har noko å gå på når ein treng å ta eit uttak, t.d. å irettesetje barnet.

Ein viktig del av programmet for barna er Løvelova.

I boka møter ein den i forteljande samanheng der utgangspunktet er barnas sjølvrespekt «*Eg skal være meg*». Samtidig må barna forstå at dei andre har same rett til å være seg «*men gi plass til andre, slik at dei blir seg*» Vidare ligg der ein gjensidig forpliktelse : «*Bry meg om ein annan, hjelpe når eg kan*» Så viser den at barna kan vere med på å gjere ein forskjell.

«*Slik vert livet betre for barn i alle land*»

I andre verset legg ein vekt på barnas ansvar for dei andre, og siste del peikar på barns rettigheter og det medverkande barnet.

***Kan du løveloven?  
eg skal være meg,  
men gi plass til andre  
slik at dei blir seg,  
bry meg om ein annan,  
hjelpe når eg kan.  
Slik blir livet bedre  
For barn i alle land.***

***Ser du ein blir plaga?  
Det er ikkje bra!  
Alle må stå saman  
Om å sei i frå  
Alle barn på jorda  
Har den same rett  
Til å være trygge  
Og til å være sett.***

Vi har laga ein progresjonsplan for innhaldet i «Være sammen»  
I løpet av åra i barnhagen så skal borna ha møtt Regnbueløva og kunne Løvelova.

<b>Nasse Nøff</b>	<b>Ole Brum</b>	<b>Tigergutt</b>
<p><i>Bruke temabøkene som idebank for samlingsstunder</i></p> <p><i>Høyre på Løvelova og syngje den ofte</i></p> <p><i>Verte kjend med Regnbueløva</i></p>	<p><i>Bruke temabøkene i samlingsstunder</i></p> <p><i>Jobbe med løvelova og knyte den opp mot daglege situasjonar</i></p> <p><i>Kjenne til og etterkvart lære fleire av songane i «Være sammen»</i></p>	<p><i>Verte kjend med Regnbueløva og bruke den i daglege situasjonar</i></p> <p><i>Kunne Løvelova og kunne fortelje kvifor den er bra for alle</i></p> <p><i>Bruke temabøker og løva i samling, knyte det opp mot faktiske hendingar i barnegruppa.</i></p> <p><i>Øve på å gi ros, ta i mot ros</i></p> <p><i>Verte kjend med borna i Løvebarnehagen, nytte plansjane og diskutere kjensler</i></p>
<p><i>Dei vaksne må gi positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra.</i></p> <p><i>Dei vaksne må ha eit bevisst forhold til relasjonsbygging og tilknytningsteori</i></p> <p><i>Dei vaksne er rollemodellar for barna som skal øve på å sette ord på ting, t.d. viss nokon gjer noko bra, bry seg om.</i></p> <p><i>Ta med Regnbueløva på tur.</i></p>		





## DANNING

Danning har erstatta ordet oppseding i lovgrunnlaget, og det er noko som skjer i ei veksling mellom kunnskap og kultur med vaksne og barn, til ulike tider og ulike stadar. Danning er eit meir ope omgrep enn oppseding, fordi dannelsprosessen inneber medverknad frå barna si side. Danning er ein personleg prosess som handlar om å få eit aktivt og bevisst forhold til omgivnadane, og her er då barnehagen ein viktig arena.

Barnehagen skal sette fokus på omsorg, læring, leik og danning. Men kva barna lærer gjennom prosessane verken kan eller skal målast. Dei skal t.d. sikrast rett til å leike i barnehagen fordi dette er barnas eigen uttrykks- og kommunikasjonsform, ikkje fordi dei skal lære språk. Samtidig er danning ein kvalitet ved utdanninga som seier noko om viktigheita av barna sin eigenaktivitet og oppleving av meining.

## OMSORG

Det å gi barna omsorg og nærleik, og å legge forholda til rette for ei allsidig utvikling, er ei av dei viktigaste oppgåvene til barnehagen. I rammeplanen står det at barnehagen sitt omsorgs og læringsmiljø skal fremje barna sin trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigenverdi. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonane mellom personalet og barna, og om barna si omsorg for kvarandre. Personalet må gi barna høve til å gi kvarandre omsorg og ta imot omsorg frå andre. Dette er ein del av grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, og er eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv. Omsorg har ein verdi i seg sjølv, og er nært knytt til oppseding, helse og tryggleik og er samtidig ei viktig forutsetning for barna si læring og danning.

Det å ha vaksne rundt seg som er trygge omsorgspersonar er av uvurderlig verdi. Omsorg er ei forutsetning for at barn lærer, det skal prege dagen i barnehagen, og kome til uttrykk når ungane leiker og lærer, i stell, måltid og påkledning m.m. . Kvaliteten på samspelet mellom barna, og mellom barn og vaksne, vert igjen avgjerande for kvaliteten på læringa.

## LEIK

Å legge til rette for allsidig og god leik, og å sette av tid til det, er ei av barnehagen sine hovudoppgåver.

Leik er barna sin viktigaste aktivitet og dei må få nok plass og skjerma tid til leiken. Leiken er ein frivillig aktivitet som er styrt av barnet sjølv. Leiken er eit mål i seg sjølv og barna leiker fordi det er kjekt. Barna sin leik gir ein viktig lærdom i fysiske, sosiale og intellektuelle ferdigheiter og omgrep, det er den viktigaste faktoren for å få til eit godt sosialt samspel med dei andre barna. I ein leik må barna heile tida verte einige om kva reglar som skal gjelde, det vert stilt krav til fleksibilitet, openheit og fantasi. Samtidig handlar det om evna til å ta andre sitt perspektiv, systematisere og bearbeide informasjon, slik at den gir mening og kan brukast i leiken.

Målet er at barna skal oppleve god og variert leik. Dei skal få god tid til leik, og oppleve at leiken er viktig og læringsrik. Barna skal få oppleve respekt for leiken ved at dei vaksne ikkje bryter unødvendig av, og at dei vaksne er tilgjengeleg for å delta, støtte og utvikle leiken.

Dei vaksne har også ei viktig oppgåve i å gi barna høve til mange og gode opplevingar. Det å delta i leik og få venner er grunnlaget for barna sin trivsel og meningsskaping i barnehagen. Barna treng allsidig stimulering og erfaring for utvikling av for eksempel allsidig leik, språk/ kommunikasjon og kreativitet.

Barna må få nytte si naturlege nysgjerrigheit til å oppdage, utforske og undre seg. På den måten samlar dei erfaring og kunnskap som dei kan nytte både i leik og skapande aktivitetar.

***“Barn slutter ikke å leke fordi de blir gamle, de blir gamle fordi de slutter å leke***

# LÆRING

Barn lærer heile tida. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske, og er nært samanvevd med leik, omsorg og danning. Det å legge til rette for gode relasjonar og vennskap er ein føresetnad for god læring og oppleving av glede og meistring. Læring er noko som skjer både i formelle og uformelle lærings situasjonar. Begge har ei pedagogisk hensikt og er like viktige.



*Barn er som sommerfugler i vinden*

NOEN FLYR HØYERE ENN ANDRE, MEN ALLE FLYR

SÅ GODT DE KAN.

SÅ HVORFOR SAMMENLIGNE DEM?

HVER AV DEM ER FORSKJELLIGE, SPESIELLE

OG VIDUNDERLIGE

## MEDVERKNAD

Rammeplanen seier ein del om det med barn sin rett til medverknad. I barnehagelova §3 står der at:

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet. I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.*

Dette betyr at vi må legge til rette for at barna skal kunne delta i planlegging og vurdering av opplegget i barnehagen. Det betyr sjølvsagt ikkje at det er fritt fram for at barna skal bestemme alt sjølv, men at vi ser på barna som likeverdige og kompetente menneske. Barna må få ha sine tankar og meiningar, og verte anerkjend for det. Dei får oppgåver ut i frå alder og modningsnivå, og vert ikkje stilt til ansvar for noko dei ikkje meistrar.

Medverknad betyr at vi skal lytte til barna, og høyre deira synspunkt på ulike saker og ting. Samtidig får dei også erfare at det å vere i ein større samanheng handlar både om det å ytre seg, men også om å ta omsyn til andre, og å rette seg etter det som vert bestemt. Vi må observere og følgje opp barna sine ulike uttrykk og behov.

Kva må vi som personalet gjere for å få til dette?

- vere opne og lyttande
- observere og fylgje opp barna sine ulike uttrykk og behov
- ha respekt for barna sitt perspektiv
- god tid til samtalar
- solide relasjonar til kvart enkelt barn
- være bevisst på den innflytelsen vi har som rollemodellar.

***"Fortell meg og jeg glemmer, vis meg og jeg husker.  
La meg gjøre det og jeg lærer meg".***

## BURSDAGSFEIRING

Dette er ein dag der bursdagsbarnet er i fokus. Barna får vere med på å bestemme mykje av innhaldet i dagen. Det er bursdagsbarnet sin dag, og barnet får ha på seg ei kappe med glitrande stjerner på, og sjølvsagt krone på hovudet. Vi har eigen bursdagsstol som bursdagsbarnet sit på i samling og ved bordet. Der er også bursdagsleiker som dei kan velje mellom. Dette er leiker som ikkje er framme andre tider. Barna kan og vere med å velje tema for samling. Når vi kjem til måltidet er det den som har bursdag som har valt menyen ut i frå nokre alternativ. Søtsaker er ikkje mellom alternativa, det kan vere ulike varmrätter, bake rundstykke og liknande. Barna kan også velje om dei vil feire ute på Heffalomptoppen. Vi dekker fint på med duk og barnet får eit eige bursdagsfat og kopp.

Alt i alt så prøver vi å skape ein dag som barna ser fram til, og husker.



## KOSTHALD I BARNEHAGEN

I følge rammeplanen skal barnehagen:

*"bidra til at barna tileignar seg gode vaner, haldningar og kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile»*

Eit sunt og variert kosthald i barneåra er viktig for vekst, utvikling og læring. Helsedirektoratet har gitt ut retningslinjer for mat og måltider i barnehagen. Mat og drikke i barnehagen utgjør ein stor del av barna sitt totale kosthald. Den maten barna får servert/ har med seg i barnehagen, er av stor betydning for barna si utvikling og helse.

Vi legg til rette for tre måltid pr. dag, Frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid med frukt/yoghurt m.m. 2- 3 dagar i veka har vi kjøkkenassistent som lager lunsj til oss. Som regel bakar ho ein dag, serverer havregraut ein dag og middag eller liknande ein dag.

## IKT I BARNEHAGEN

I rammeplanen står det: « *Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan være en kilde til lek, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting*»

I barnehagen har vi ein heil del tekniske hjelpemiddel som barna møter i løpet av ein dag. Det kan vere kopimaskin, digitale fotoapparat, mobiltelefon, iPad m.m. IKT i barnehagen handlar om å ta i bruk teknologi på ein hensiktsmessig og leikande måte. Vi nyttar også ei digital plattform som heiter Kidplan i kommunikasjon med foreldra. Der skriv vi litt om dagen i dag, Samtidig tek vi mykje bilete som vi nyttar i dokumentasjon enten ved å legge ut på Kidplan og skrive ut og lage plakatar som barn og foreldre kan sjå på og prate om. Digitale reiskap kan være gode verktøy for å stimulere barnas eigne kreative uttrykk. Det fordrar oppmerksame vaksne som kan bruke desse verktøya hensiktsmessig. Det er viktig å understreke at det er ikkje det digitale verktøyet i seg sjølv som er interessant, men måten vi som personale brukar det i vårt pedagogiske arbeid. Gjennom arbeidet med IKT får vi et breitt spekter av verktøy som gir mange og varierte moglegheiter. Verktøya kan vi nytte i alle fagområde som ei kilde til dokumentasjon, refleksjon, lek og læring. Vi brukar også iPad i språktrening og anna spesialpedagogisk trening.



*Alle barn har gnist i seg. Alt vi trenger er å tenne de*

## LIKESTILLING OG LIKEVERD

*«Likestilling mellom kjønna skal kome tydeleg fram i pedagogikken til barnehagen. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn. Barnehagen skal bygge verksemda si på prinsippet om likestilling mellom kjønna. Gutar og jenter skal ha like sjansar til å bli sett og høyrde, og dei skal oppmuntrast til delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen» Rammeplanen*

Likestilling og likeverd er to sider av same sak. Likeverd handlar om å sjå individet ut i frå ei grunnforståing om at alle er like mykje verdt og skal møtast likeverdig til tross for ulike føresetnader. Alle menneske er like mykje verdt uavhengig av kjønn, religion og sosial bakgrunn. For å behandle alle likeverdige må ein av og til forskjellsbehandle, nettopp fordi alle har ulikt utgangspunkt.

Likestilling handlar og om å kjenne igjen strukturar i samfunnet som bidreg til at kjønna vert gitt ulike føresetnader og moglegheiter. Det er difor nødvendig å sjå på gutar og jenter som grupper for å kunne sjå mønster som skaper skilnader. Det betyr ikkje at jenter og gutar skal verte like, men at dei skal ha dei same moglegheitene. Det handlar i stor grad også om respekt og toleranse. Personalet skal ha eit bevisst forhold til kjønnsrollemønster der likestilling mellom kjønna speglar seg igjen i barnehagepedagogikken. Arbeid for likeverd og likestilling i barnehagen omfattar både kjønn, funksjonsevne, kultur, språk, religion m.m. Barnehagen vil bidra til eit likestilt samfunn der alle får utnytta evner og interesser uavhengig av desse faktorane.



**« Alle vaksne har ansvar for å ta vare på barnets medfødde tillit til omverda »**

## SPRÅKLEG MANGFALD SOM RESSURS

Barnehagen skal ha eit rikt og variert språkmiljø. Ein har som regel fleire språk representert i barnegruppa og det gir eit mangfald i språkmiljøet. Dette fører til auka språkleg medvit hjå alle barna. Dei vert på denne måten merksame på språk. Språket er med på å knytte saman identitet, kultur og kjensler. Det er derfor viktig at barna skal kunne utvikle dei delane av sin identitet som er knytt til familien sitt opprinnelsesland.

Vi i barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar ved å bruke språket som kommunikasjonsmiddel som reiskap for tenking, og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.

*«Barn er jordens levende blomster»*

## BARN MED SÆRSKILTE BEHOV

Barn med nedsett funksjonsevne har prioritet ved opptak i barnehagen. (Barnehagelova § 13)

I barnehagen skal vi gi det enkelte barn støtte og utfordringar ut frå deira føresetnader, og bidra til eit meiningsfullt liv i fellesskap med andre barn og vaksne. Vi har ansvar for at alle barn, uansett funksjonsnivå, får oppleve meistring, og at dei er betydningsfulle personar for fellesskapet. Vi har eit særleg ansvar for å førebygge vanskar, og å oppdage barn med særskilte behov. For desse barna kan det være aktuelt å gi eit spesielt tilrettelagt tilbod.

Tilrettelegginga kan gjelde, både sosiale, pedagogiske og/eller fysiske forhold i barnehagen. Barn med nedsett funksjonsevne er fyrst og fremst barn som har rett til ein barndom prega av dei same verdiane som andre barn.

For at tilbodet til barn og foreldre skal vere mest mogleg heilskap i må vi samarbeide med andre instansar. Vi samarbeider t.d. med Helsestasjonen, PPT og Barnevernet.



## ASK I BARNEHAGEN

Å kommunisere på andre måtar enn talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon, forkorta til ASK.

Barnehagelova § 39 seier: «*Barn som helt eller delvis mangler funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerende kommunikasjon, skal få bruke egnede kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmidler i barnehagen*».

Vi har siste åra hatt fokus på dette i personalgruppa og teke i bruk ASK på alle avdelingane. Målet er at vi etter kvart skal verte so dyktige, at når vi har eit barn med behov for ASK så er det lett å ta det i bruk. Alle barn har nytte av bildestøtte så alle avdelingar vil t.d bruke dagtavle som synleggjer kva som skjer gjennom dagen. Det at alle barna vert kjend med symbola gjer og at dei og lettare kan kommunisere når dei møter barn utan verbalt språk.

## BARNEHAGEN SOM KULTURARENA

Kulturbegrepet i rammeplanen er eit vidt omgrep definert som våre felles åtferdsmønster, kunst og estetikk, kunnskap, verdiar, haldningar, erfaringar og uttrykksmåtar. Det handlar om arv og tradisjonar, om å skape og levandegjere, fornye og aktualisere.

Barnehagen er ein viktig kulturformidlar, og denne kultur - formidlinga er viktig for barna si identitetsutvikling. I barnehagen formidlar vi t. d tradisjonar, song og musikkskattar, litteratur o. l, men også åtferdsmønster og uttrykksmåtar. Kulturformidling er noko som må gå hand i hand med sosial kompetanse for at barna skal få eit innhald og fundament som dei kan bygge vidare på. Dette betyr at vi må la barna verte kjent med lokalsamfunnet og m.a. få vite kva regler og normer som gjeld her, og kva verdiar naturen og miljøet gir. Barnehagen må også ta del i kulturen i nærmiljøet gjennom møte med institusjonar, organisasjonar og enkeltpersonar. Personalet må også vere tydelege modellar og bevisst på eigen kulturell og verdimesig ståstad

## FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN

Barnehagen sine område for læring er delt inn i 7 fagområde. Dette er for å sikre eit variert og allsidig innhald. Fagområde, arbeidsmåtar og innhald vil ofte overlappe kvarandre, og må sjåast i nær samanheng med kvarandre. Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt, og vil sjeldan opptre isolert. Fagområda er til stades i leik, aktivitetar og samspel gjennom heile dagen. Det er viktig med god balanse mellom vaksenstyrte aktivitetar, og barna sine sjølvvalde aktivitetar. Når det gjeld den direkte formidlinga vil omfang og metodar vere avhengig av barna sin alder og kor mykje tid dei har i barnehagen. Det er og viktig med progresjon og variasjon innanfor dei ulike tema spesielt med tanke på dei barna som går i barnehagen fleire år etter kvarandre. Derfor har vi laga ein liten plan som synleggjer ein tenkt progresjon. Planen tek utgangspunkt i barnet sin alder med eit innhald som naturleg bygger på kvarandre. Innanfor dei ulike aldersstega vil det finnast barn på same alder, men ulikt utviklingsnivå. Personalet si oppgåve er å finne barnet sin ståstad, og bygge vidare på dette med dei tiltak som nemnast i planen, slik at kvart barn får «akkurat passe» utfordringar og ein god progresjon. Det er viktig å påpeike at progresjon er ein prosess, ein måler ikkje resultat. Synleg vekst og utvikling er i fokus.



# PROGRESJONSPLAN - FAGOMRÅDE

## Språk, tekst og kommunikasjon

All samhandling er kommunikasjon. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Gjennom språket lærer barn å forstå verda, og får ei aukande innsikt i seg sjølv. Språket gir identitet og tilhørighet. Dei voksne er forbilde for korleis barna bruker språket, og må derfor vere bevisst på korleis dei kommuniserer med barna. Barnehagealderen er ei svært viktig utviklingsperiode for språkstimulering. Kommunikasjon er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utvikling

1-2år	3-4 år	5-6 år
<p>Forstå enkle beskjeder. ( t.d kan du hente boka)</p> <p>Vite kvar nasa, munnen og augene er.</p> <p>Sei enkle ord, 2 ords setningar.</p> <p>Reagere på navnet sitt, og kjenne igjen namn på barn og vaksne på avdelinga.</p> <p>Erfaring med enkle peikebøker.</p> <p>Kjenne igjen og etter kvart kunne synge songar / regler/ sangleikar</p> <p>Språkleg aktive vaksne</p>	<p>Forstå ein del begrep ( preposisjonar, eintal/fleirtal, fargenavn, tal og bokstavar, overbegrep, motsetningar)</p> <p>Kjenne igjen namnet sitt skriftlig</p> <p>Medvit om eige kjønn</p> <p>Bruke språket relevant i forhold til situasjon</p> <p>Svare på enkle spørsmål</p> <p>Kan fortelje noko som skjedde i går</p> <p>Sette ord på kjensler</p> <p>Synge songar med fleire vers</p> <p>Rim, regler, sangleikar</p> <p>Lytte til andre,og kunne vente på tur.</p> <p>Øve på turtaking i spel, leik og kommunikasjon.</p> <p>Forstå enkle preposisjonar</p>	<p>Ta i mot og fylgje beskjeder</p> <p>Kunne kategorisere ulike omgrep</p> <p>Kunne overomgrep</p> <p>Kunne telle til 10</p> <p>Bruke språket til å forklare ting som har skjedd i ulike situasjonar</p> <p>Fylgje med i bøker utan bilde</p> <p>Songar, rim og regler</p> <p>Forstå humor og leike med språket</p> <p>Ha et godt etablert blyantgrep</p> <p>Verte kjend med talsymbol opp til eigen alder.</p> <p>Skrive namnet sitt</p> <p>Sette ord på kjensler og meningar.</p>



## Kropp, bevegelse og helse

Barn er fysisk aktive og uttrykker seg mykje gjennom kroppen. Grunnleggande motoriske ferdigheiter og god helse vert utvikla i barnehagealder. Variert fysisk aktivitet både ute og inne er av stor betydning for utviklinga av motorikk og kroppskontroll. Gjennom kroppsleg meistring utvikler barn ei positiv sjølvoppfatning og bevisstheit om kropp og helse. Godt kosthald og veksling mellom aktivitet og kvile betyr mykje for å utvikle ein sunn kropp. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer dei verda og seg sjølve å kjenne.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Lære enkle rørslesongar	Lengre turar i variert terreng	Turar i variert terreng
Korte turar i nærmiljøet	Kunne namn på kroppsdelar.	Få ei byrjande forståing for kva som er naudsynte kle.
Enkel leik med ball	Øve på å smøre maten sjølv	Forberede og lage mat på tur
Danse til musikk	Øve på å huske og vaske hender etter toalettbesøk.	Finmotoriske aktivitetar
Lære å gå, hoppe og springe	Kle på seg sjølv.	Gå på fjellturar
Oppleve gode vaner og sunt kosthald	Øve på å bruke saks og rett blyantgrep	Erfare og bruke naturen som leikearena
Kjenne att ein del kroppsdelar	Bruke kroppen aktivt både inne og ute i naturen.	Ta andre sitt perspektiv
Øve på å kle på seg sjølv (2 år)	Få gode erfaringar med ute og friluftsliv heile året.	Vaske hender før måltid og etter toalettbesøk utan og verte mint på det, og lære kvifor.
Øve på å vaske hender sjølv		Beherske regelleikar
		Samarbeide i ballspel og andre samspelsleikar
		Opparbeide respekt for eigen og andre sin kropp

## Kunst, kultur og kreativitet

Kreative aktivitetar er ein del av barnehagen sin kvardag. Barnehagen må gi barna høve til å oppleve kunst og kultur slik at dei sjølv kan uttrykke seg estetisk. Eit mangfald av kulturuttrykk vil gi barn verdifulle inntrykk og lære dei å uttrykke seg gjennom dei mange kulturelle språka. Barnekulturen vert utvikla gjennom leiken og barnehagen si oppgåve er å utvikle, bevare og stimulere barnets nysgjerrighet og forskartrong, så rikt og allsidig som mogleg. Å vere i lag om kulturelle opplevingar, og å gjere, eller skape noko i lag er med på å bidra til fellesskap.


1- 2 år	3-4 år	5-6 år
Få erfaring med instrument	Utrykke seg estetisk gjennom dans, sang , rolleleik o.l	Musikk og dans med enkle danseleikar
Song og musikk, dans og songar med bevegelse	Klippe, lime, teikne	Prøve ut ulike materiale
Få erfaring med ulike maleteknikkar.	Kunne namn på farger	Mulighet for skapande aktiviteter som å lage eventyr, rolleleik.
Opplive songar, rim og regler	Bruke instrument	Dramatisere
Erfaring med ulikt formingsmateriell.	Opplive glede ved å skape gjennom ulike formingsaktivitetar	Klippe ut figurer
Utvikle fantasi og skaparglede	Meir erfaring med maleteknikkar	Stå fram i gruppa
		Teikne/male motiv
		Synge songar med fleire vers

*«Du kan ikkje bruke opp kreativitet, jo mer du bruker ,  
jo mer du har»*

## Natur, miljø og teknikk

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vær. Friluftaktivitetar og uteleik er ein del av barnehagen sitt kvardagsliv. Nærmiljøet gir moglegheit for ulike erfaringar i forhold til å lære om samspel i naturen og mellom mennesket og naturen.


Barnehagen skal bidra til at barn får undre seg, eksperimentere, systematisere og samtale om fenomenene i den fysiske verda og vidare erfare korleis teknikk kan brukes i leiken og kvardagslivet

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Få erfaring med ulikt terreng	Erfare og undre seg over årstidene	Verte kjend med og få erfaring med endringane i naturen gjennom ulike årstider.
Få erfaring med vatn, snø og is	Kunnskap om dyr og vekstar i nærmiljøet	Lære å respektere levande liv
Opplive gleda ved å vere ute i naturen	Delta og lære av tema og prosjekt som fylgjer årstidene	Få byrjande kunnskap om livsløpet
Vere ute i ulikt ver		Få høve til å undre seg over fysiske fenomen
Opplive naturen i nærmiljøet		
Undre seg saman med vaksne over småkryp		
Få kjennskap til dei mest kjende husdyra		

*Barn siterer sjeldan feil. Tvert imot gjentek dei ofte ord for ord det ein ikkje burde ha sagt*

## Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfatter verda og menneska på, og det pregar verdiar og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. Norge er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som vi skal formidle verdiar og tradisjonar i den kristne kulturarven. Barnehagen skal gi rom for undring og samtaler og møte barna sine spørsmål med respekt.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<p>Få ei byrjande forståing for korleis vi er mot kvarandre</p> <p>Oppleve høgtider og tradisjonar</p> <p>Glede i samvær og samspel med andre barn</p> <p>Få ei byrjande forståing for at andre kan ville noko anna enn deg.</p>	<p>Lære seg å respektere, godta andre.</p> <p>Få ei byrjande forståing for samfunnet sine normer og verdiar.</p> <p>Utvikle evne til konfliktløysing</p> <p>Vite korleis og kvifor vi feirar ulike høgtider og tradisjonar</p> 	<p>Lære seg å sjå andre sine kjensler, kunne hjelpe og støtte kvarandre</p> <p>Kunne hevde seg sjølv og sine egne behov</p> <p>Samarbeid</p> <p>Lære seg å respektere andre</p> <p>Lære om bakgrunnen for dei ulike tradisjonane i barnehagen.</p> <p>Kjenne til at alle menneske er ulike og vise respekt for det</p> <p>Gje barna rom og tid til å filosofere</p>



*“Et barn er en gave, og dets verdi kan ikke måles noe annet sted enn i hjertet”*

## Tal, rom og form

Leik er drivkrafta i all læring, også i utviklinga av barna si forståing for matematiske omgrep. Barna er tidleg opptekne av tal og utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Barna utforskar desse omgrepa i leiken, og leiken utvidar forståinga. Barnehagen skal oppmuntre utforskinga og legge til rette for tidleg og god stimulering.

I arbeidet med tal, rom og form får barna erfaring med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning. Barnehagen skal legge til rette for at barna har tilgang til og tek i bruk ulikt materiell som spel, tellemateriale, klossar, teknologi, etc.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Leik med former	Erfare, forske og leike med form og mønster	Utforske og erfare mengde
Putteboks		Meir erfaring med terningspel og liknande
Erfaring med størrelse og form	Sortere etter form, farge og størrelse	Arbeide med mengder opp til 5
Bygge med klossar	Telle til 10	Mengdeord
Telle 1,2,3	Bygge med klossar	Utforske vekt og volum
Puslespel med store bitar	Spele spel	Konstruksjonleik
Sortere, rydde leiker etter farge og form	Begrepsforståing	Erfaring med mengde opp til 10
Forstå tom/full, liten/stor		Kjenne vekedagar, månader og årstider
		Ha forståing for rekkefølge
		Motsette omgrep –størst-minst, gammal-ny....





## Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og undring. Den skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett.

Gjennom barna si erfaring med medverknad i barnehagen får dei ein første kjennskap til demokratiske prinsipp.

Barnehagen skal utvikle forståing for ulike tradisjonar og levesett. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt.

1-2 år	3-4 år	5- 6 år
Verte trygg på avdelinga Få ei byrjande gruppekjensle Verte kjend i barnehagen Verte kjend i nærmiljøet til barnehagen	Erfare at egne handlingar kan påverke andre. Få oppleve at det dei gjer betyr noko for andre Utforske nærmiljøet til barnehagen meir.	Verte kjend med nokre bedrifter, institusjonar i barnehagen sitt nærmiljø Førebuing til skulestart Kunne eige namn og kva bygd dei bur i. Kjennskap til kommuna vår.





# KVARDAGSSITUASJONAR

I barnehagen sitt myldrande daglegliv går alle kvardagssituasjonane og dei 7 fagområda inn i eit samspel. Det er i desse situasjonane mesteparten av barna sin sosiale kompetanse vert utvikla. Vi har laga ei lita oversikt over dei ulike aktivitetane, målet med desse og kva metode vi vil bruke for å nå målet. Dette vil vere mål som er felles for alle gruppene, men i ulik grad alt etter alder og modning.

AKTIVITET	MÅL	METODE
<p><b>LEVERING</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Barn og foreldre skal føle seg velkomne</li> <li>-Utveksle informasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Vi tek i mot i garderoba, helse på kvarandre og tek imot beskjedar</li> <li>-Prøver å lage ei god rutine rundt avskjeden med foreldra slik det er best for kvart enkelt barn.</li> </ul>
<p><b>FRI LEIK</b></p> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Barna skal kunne ta initiativ til leik og etter kvart organisere den sjølv.</li> <li>- Barna skal få prøve ut erfaringar og opplevingar.</li> <li>-Dei skal kunne ta omsyn til kvarandre, oppleve vennskap, omsorg, glede og humor.</li> <li>-Inkludere kvarandre.</li> <li>-Barna skal få utvikle leikekompetanse, velje leikeaktivitet ut i frå eige ynskje og behov</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Dei vaksne må legge til rette eit leikemiljø med tilgjengeleg og variert materiell.</li> <li>-Sette av god tid til leik, vere tilgjengeleg for barna og gripe inn der det er behov for.</li> <li>-Hjelpe barn som har problem. -Gi barna erfaring og opplevingar som gir innspel til leik.</li> <li>-Dele barnegruppa i mindre grupper</li> </ul>

AKTIVITET	MÅL	METODE
<p style="text-align: center;"><b>VAKSENSTYRT AKTIVITET</b></p> <p style="text-align: center;"><b>Forming/matlaging</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Gi barna utfordringar og varierte aktivitetar som står i forhold til alder og utvikling.</li> <li>-barna skal utvikle seg både grov og finmotorisk</li> <li>-Ta i mot beskjedar.</li> <li>- Barna skal bruke og utvikle alle sansane gjennom varierte aktivitetar.</li> <li>-Språk og begrepsutvikling</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Legge til rette og ta initiativ til slike aktivitetar.</li> <li>-dele barnegruppa i mindre grupper</li> <li>-ta utgangspunkt i fagområde, tema eller det som interesserer den aktuelle gruppa</li> </ul>
<p style="text-align: center;"><b>SAMLING / SONGSTUND</b></p> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Barna skal oppleve at dei høyrer til i eit fellesskap.</li> <li>-Barna skal kunne konsentrere seg og ta del, lytte og vere aktive.</li> <li>-Barna skal få kjennskap til nye songar, rim og reglar o. l</li> <li>-ta opp ting/emne barna er opptekne av</li> <li>-kunnskapsformidling</li> <li>-kulturformidling, humor og glede</li> <li>-øve seg på å snakke framfor andre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Skape eit miljø prega av tryggleik og atmosfære.</li> <li>-Gi barna høve til å ta del i samtalar, møte dei med interesse og omsorg.</li> <li>-Bruke bøker, flanellograf, dramatisering osv.</li> <li>-lære barna ulike songar, rim og regler</li> <li>-la barna fortelje om ting dei er opptekne av</li> <li>-språktrening</li> <li>-fellessamlingar for alle</li> </ul>
<p style="text-align: center;"><b>TOALETT/ HANDVASK/ STELL</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Barna skal verte mest mulig sjølvhjelpete i desse situasjonane.</li> <li>-Gi barna gode vanar.</li> <li>-ein til ein kontakt, omsorg og nærleik</li> <li>-kroppsbevisstheit og begrepsstrening</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Gi barna god tid, legge til rette for at dei kan klare seg sjølv, vere tilgjengelig og hjelpe til der det trengs.,</li> <li>-Gi ros og oppmuntring.</li> </ul>

AKTIVITET	MÅL	METODE
<p><b>MÅLTID</b></p> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Det skal verte ei kosestund for både barn og vaksne.</li> <li>-servere variert og sunn lunsj til barna</li> <li>-Trene barna i å klare dei ulike oppgåvene i samband med eit måltid.</li> <li>- Lære dei vanlig bordskikk</li> <li>-Etter kvart smøre på maten sin sjølv., ete sjølv og rydde opp etter seg.</li> <li>-språkutvikling / begrepstrening</li> <li>-barna skal lære å hjelpe kvarandre, lytte til kvarandre</li> <li>-barna skal lære å kjenne på eigne behov, t.d. kjenne at dei er mette</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Samtale med barna</li> <li>-Barna har som regel faste plassar ved bordet.</li> <li>-Dei vaksne hjelper barna til å verte sjølvhjelpete.</li> <li>-dei vaksne har fokus på den gode samtalen med barna</li> <li>-Syng for maten, takkar for maten.</li> </ul>
<p><b>AV OG PÅKLEDNING</b></p> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Kunne namn på ulike klesplagg. - begrepstrening</li> <li>-Meistre deler av av og påkledninga</li> <li>-Etterkvart klare alt sjølv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Dei vaksne er til stades, rettleier og gir ei hjelpande hand der det trengs.</li> <li>-Samtale med barna medan dei kler på seg.</li> <li>-Gi barna tid og prøve å få til ein situasjon utan for mykje mas.</li> </ul>

AKTIVITET	MÅL	METODE
<p><b>UTELEIK / TURAR</b></p> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Verte kjent med og trygg på utemiljøet</li> <li>-Gi mulighet for allsidig leik og motorisk utfalding</li> <li>-Bruke kroppen sin aktivt</li> <li>-Verte glad i å vere ute i all slags ver.</li> <li>-Sjølvtstende og kreativitet.</li> <li>-Bruke fantasien</li> <li>-Få vere ute i frisk luft og oppleve endringar i ver og årstid.</li> <li>-verte kjent med kvarandre på tvers av avdelingane, både barn og vaksne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Vi er ute kvar dag så sant det ikkje er orkan.</li> <li>-turar i nærmiljøet</li> <li>-grupper på tvers av avdelingane</li> <li>-ha tid til å stoppe opp å sjå på det barna er opptekne av.</li> <li>-Gi barna materiell og utstyr som utviklar leiken</li> <li>-Hjelpe enkeltbarn inn i leiken. -Vere tilgjengelig for barna og ta del der barna ynskjer det.</li> </ul>
<p><b>HENTING</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-God avslutning på dagen</li> <li>-utveksle informasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-vere med i garderoba dersom det let seg gjere</li> <li>-snakke litt om dagen som har gått, kva vi har gjort på, episodar som har skjedd og liknande.</li> <li>-seie "ha det bra" til kvarandre ( foreldre gir beskjed til personalet når dei tek med barna heim)</li> </ul>



## FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Foreldrerådet består av foreldra til alle barna i barnehagen. Foreldra skal ha høve til å ivareta kontakta med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal automatisk få framlagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Foreldrerådet har då rett til og verte høyrde med sitt syn på saka.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag, og arbeide for og fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Utvalet består av fire representantar frå foreldra og to representantar frå personalet. Dagleg leiar har møte, tale og forslagsrett i samarbeidsutvalet.



# FORELDRESAMARBEID

Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for at arbeidet i barnehagen skal lukkast. Vi har eit felles ynskje om at barna skal ha det best mogleg den tida dei er i barnehagen. Gjensidig tillit er derfor eit viktig grunnlag for samarbeidet. Det er foreldra som kjenner barna sine best, og det er viktig at personalet får informasjon slik at vi best mogleg kan forstå barna og deira reaksjon. Vi set stor pris på tilbakemelding, både positiv og negativ.

Foreldra må gjerne ringe barnehagen i løpet av dagen dersom det er noko dei lurar på. Vi synes ikkje at foreldra masar, barna er tross alt det kjæraste dei har og vi ynskjer at både foreldre og barn skal trivast i barnehagen.

## Samarbeidsmåtar:

- *dagleg kontakt ved henting og bringing*
- *info gjennom appen Kidplan*
- *skriftleg informasjon*
- *foreldremøte*
- *foreldresamtalar*
  - *-gjensidig formidling av det som er spesielt for kvart barn.*
  - *-gi foreldra tilbod om det to gongar i året.*
- *foreldrecaffi m.m.*
- *invitere til ulike arrangement*
- *dugnad*

## Gjennom dette vil vi oppnå:

- *Barnehagen får kjennskap til foreldre og barn*
- *Foreldra får kjennskap til barnehagen*
- *Foreldra skal vere fornøgde med det tilbodet barna får, og vere trygge for barna medan dei er i barnehagen*
- *Foreldra skal kjenne at deira synspunkt vert tekne på alvor*
- *Alle skal kjenne seg velkomne i barnehagen*

## PERSONALSAMARBEID / UTVIKLING

**Personalet er den viktigaste ressursen i barnehagen. Dei arbeider tett innpå kvarandre heile dagen og dette stiller store krav til samarbeid. Forholdet mellom dei vaksne er av stor betydning for det sosiale klima i barnehagen totalt. Vi ynskjer å arbeide for at alle skal oppleve arbeidsplassen sin som ein god stad og vere. Ein stad der alle får høve til å bruke sine ressursar og å utvikle seg vidare ut i frå eigen ståstad.**

### **MÅL:**

- Personalet skal fordjupe seg i satsingsområda til den lokale rammeplanen
- Utnytte kvart enkelt personale sine ressursar
- Auke personalet sin kompetanse innan Livsmestring og psykisk helse

### **METODE:**

- Ulike kurs/webinar om temaet
- Bruke programmet «Livet og sånn»
- Ta for oss dei tema i rammeplanen som er satsingsområde
- Refleksjon over dei ulike emna, finne ut korleis vi har det her
- Samarbeid mellom avdelingane
- Samlingar på tvers av avdelingane
- Leiarutvikling i lag med dei andre barnehagane i kommuna

*«Å møte et barn i blikket er mer enn et møte med vår  
Det er som å dra på en reise tilbake titusener år*



# VURDERING

Arbeidet i barnehagen er heile tida gjenstand for vurdering. Vi må heile tida evaluere og spørje oss om det er ting vi kunne ha gjort annleis. Denne vurderinga finn stad på dei ulike møta vi har. Både personalet mellom og i lag med foreldra.

*Ting som vert evaluert er:*    **Årsplan**  
  **Månedsplanar**  
  **Arbeidet i barnegruppa**  
  **Personalsamarbeid**  
  **Foreldresamarbeid**

På slutten av året skriv kvar avdeling ei evaluering av året som har gått. Denne evalueringa vil vere med når vi skal planlegge neste år.

Samtidig prøver vi å hente ut barna sine synspunkt, ved å invitere til samtale. Vi ser også etter kva dei liker eller ikkje liker.

Eit anna vesentleg punkt i vurderinga er tilbakemeldingar frå foreldra. Det kan vere i hente, bringe situasjon, foreldresamtalar og foreldremøte eller annan plass der det fell naturlig. Det vert og sendt ut brukarundersøking med jamne mellomrom. All evaluering vil danne grunnlag for vidare arbeid




## HANDLINGSPLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE-SKULE

DATO/ TIDS- PUNKT	TILTAK/ HANDLING	ANSVAR
September	<b>Foreldremøte i barnehagen</b> Barnehagen informerer om samarbeidet med skulane og førskuleåret i barnehagen	Barne- hage
Sept/ oktober	Rektor på mottaker skule vert innkalla som fast medlem i ansvarsgruppa til barn som har dette. Dersom det er barn med store samansette behov der skulen treng fysisk tilrettelegging eller kompetanseheving i personalet skal skulen varslast 2 år før skulestart.	Barne- hagen
Januar	Barn og foreldre får brev med invitasjon til innskriving i skulen. Dersom skulen er i tvil om foreldre treng tolk på innskriving ta kontakt og gjer avtale på førehand Rektor gjer evt ny avtale med foreldra dersom det viser seg behov for meir informasjon	Skulen
Januar	Statusmøte om spesialpedagogisk hjelp/ spesialundervisning med særlig fokus på barn som skal over i skulen	Bhg, Skule,PPT og Oppvekst- kontoret
Februar	Rektorbesøk i barnehagane Tema: informasjon etter statusmøte i BHG der skulen må planlegge organisatorisk eller personalteknisk. - barn med vedtak om støttepedagog eller støtte til det ordinære. - barn med fleispråkleg bakgrunn som ikkje har aldersadekvat norsk i høve TRAS - Gruppefokus på dei som skal over i same skule.	Styrrarane inviterer rektorane
Slutten av mars	Skulane varslar oppvekstkontoret om samla behov for tilrettelegging for barn med vedtak etter §5.1, § 2.8 og støtte i det ordinære.	Rektor

Mai	Fagsamling barnehagelærarar, 1. klasse lærarar og PPT. Tema: sammenhengen mellom rammeplanen og læreplanen i 1. klasse. Praksisforteljing frå BHG og skule. PTT kan bli invitert til å halde fagleg innlegg.	Barnehage  Skule
Mai/juni	Førskuledag – felles i kommuna Skulane sender informasjon heim til alle barn. Skulane sender informasjon om møtetidspunkt og innhald til barnehagane. •	Rektor ved kvar einskild skule
Juni – før førskuledagen *	Overføringsmøte mellom barnehagelærarar og 1. klasselærar om kvart einskild barn som skal ta til i 1. klasse •	Skulen avtaler med barnehagen
September etter skulestart	Startforeldresamtale 2. skuleveke der foreldra fortel om barnet sitt og seg sjølve ( 15min pr barn)	Kontaktlærer ansvarleg for innkalling
1. november etter skulestart	Frist for utarbeiding av IOP for 1. klassingar med vedtak om spesialundervisning	Rektor og kontaktlærer

## ADMINISTRATIV / PEDAGOGISK OVERSIKT

<p style="text-align: center;"><b>AUGUST</b></p> <p>1. planleggingsdag Tilvenning av nye barn og personale Utarbeide ny årsplan</p>	<p style="text-align: center;"><b>JANUAR</b></p> <p>3.planleggingsdag Møte i samarbeidsutvalet Utarbeide budsjett for barnehagen</p>
<p style="text-align: center;"><b>SEPTEMBER</b></p> <p>Foreldremøte Val av foreldre og personal-representantar til samarbeidsutvalet. Val av dugnadsstyre og foreldrerådsleiar Samarbeidsutvalet fastset Barnehagen sin årsplan Brannøvingar</p>	<p style="text-align: center;"><b>FEBRUAR</b></p> <p>Utlysing ledige barnehageplassar Frist for endring av plass til neste barnehageår Medarbeidersamtalar</p>
<p style="text-align: center;"><b>OKTOBER</b></p> <p>2.planleggingsdag Møte i dugnadsstyret - Haustdugnad Foreldrekaffi eller aksjonsdag Medarbeidersamtalar-ped.leiar og assistentar</p>	<p style="text-align: center;"><b>MARS</b></p> <p>4.planleggingsdag Opptak/endring av plass for neste barnehageår Påskevandring i kyrkja Brannøving</p>
<p style="text-align: center;"><b>NOVEMBER</b></p> <p>Foreldresamtalar Juleførebuingane startar</p>	<p style="text-align: center;"><b>APRIL</b></p> <p>Årsmøte i Samvirkelaget Vårdugnad</p>
<p style="text-align: center;"><b>DESEMBER</b></p> <p>Lucia feiring med besteforeldrekaffi Nissefest Julekonsert Julevandring i kyrkja</p>	<p style="text-align: center;"><b>MAI</b></p> <p>5.planleggingsdag Plan for ferieavvikling Evaluering av årsplan Russefeiring</p>
	<p style="text-align: center;"><b>JUNI OG JULI</b></p> <p>Ferieavvikling Årsmelding Nedvask av barnehagen Besøk av nye barn som skal starte til hausten</p>

A close-up photograph of a vibrant green leaf, possibly a clover, covered in numerous clear water droplets. The leaf's veins are clearly visible, and the droplets vary in size, some reflecting light. The background is a soft, out-of-focus white.

**Du er enestående.  
Du er mer verdt enn noen kan måle.  
Du kan noe som er spesielt for deg.  
Du har noe å gi andre.  
Du har gjort noe du kan være stolt av.  
Du har store ubrukte ressurser.  
Du duger til noe.  
Du kan godta andre.  
Du har evnen til å forstå og lære av andre.**

**DET ER NOEN SOM ER GLAD I DEG!!!**